

ÅRSMELDING 1980

VOLLEYBALL - HÅNDBALLGRUPPA

Etter klarsignal frå årsmøte i O.I.L. 1979,blei det starta volleyball og håndballtrening på Valestrand Skule.

Volleyball for damer, og håndball for jenter.

Gruppa valgte dette styre for 1979:

Formann: Inger Anne Abrahamsen

Kasserar: Kjersti Bernes

Skrivar: Kjersti Andersen

For 1979 var treningstida kvar tysdag i ca.2,5 time fordelt på jenter og damer,men denne sesong har me fått utvida treningstid,

tysdag kl.20⁰⁰ - 21³⁰ for damer

onsdag kl.18³⁰ - 19³⁰ for jenter

noko me i gruppa er svært glade for,då dette lettar treningsgrunnlaget Etter aukande interesse frå jentene for volleyball,blei det etter avstemning starta opp med volleyball for jenter.

Denne ordninga er godkjent av styret i O.I.L.

Midlertidig er håndballgruppa nedlagt då oppslutnaden er for liten,men gruppa har hatt to utsendingar på håndballkurs,for kanskje seinare aukande håndballinteresse.

Volleyballgruppa har ikkje delteke i serier eller cuper denne sesongen,då spelargrunnlaget var for lite.

Gruppa er no innmeldt i Norges Volleyball Forbund,og blei oppteken som medlem høsten 1980,dette etter styrevedtak.

Gruppa er også påmeldt i Norges Cup for damer,

Norgesmeisterskap for jenter,samt Hordiaden for jenter.

Ellers har gruppa spelt treningskamper mot Fotlandsvåg sitt damelag.

Me har i år arbeidd aktivt for å styrkja volleyballinteressa på Osterøy då oppslutnaden er aukande,dette ved å styrkja økonomien i gruppa ved dansearrangement og lotterisalg.

Gruppa har også hatt tre på aspirantdommerkurs,og ein på B-kurs.

I framtida ynskjer me å senda fleire på kurs,då dette vil hjelpa trenaren med sitt opplegg,og då det forsatt er mangel på trenarar, lagledarar og oppmenn,og med den aukande interessa for volleyball, vonar me dette vil betra seg i framtida,då målet vårt er to lag i serien.

Ved treningane på Valestrand Skule er det no 20 jenter og 17 damer, berre dette viser den aukande interessa for volleyball på Osterøy.

Etter gruppeårsmøte 18/11-80 blei desse innvalgt i styre:

Formann: Inger Anne Abrahamsen

N.formann: Randi Eikeland

Kasserar: Martha Røskeland

Skrivar: Anne Torill Ulleberg

Styremedl: Lillian Espevoll
Ingvild Stueberg

Valestrandsfossen 19/11-80

Inger Anne Abrahamsen